



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Telemark fylkeskommune
Postboks 2844
3702 SKIEN

Deres ref

Vår ref

Dato

18/271-1

11. januar 2018

Oppdragsbrev for statsbudsjettet 2018 – tilskot til Telemark fylkeskommune under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk – ramma er fastsett til 49,04 millionar kroner

Tilsegn nr: 505 008.

1 Innleiing

Vi viser til Prop. 1 S (2017–2018) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Innst. 16. (2017–2018). Departementet følgjer opp budsjettvedtaket frå Stortinget for 2018 av 18. desember 2017 gjennom dette oppdragsbrevet.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandler
Ellinor Kristiansen
22 24 70 26

Innhald

1	Innleiing	1
2	Regional- og distriktpolitiske mål	3
3	Ramme til distrikts og regionalpolitiske formål	3
4	Mål for fylkeskommunane sin innsats	4
4.1	<i>Hovudmål 1: Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta</i>	4
4.2	<i>Hovudmål 2: Omstillingsdyktige regionar</i>	6
5	Anna relevant innsats for fylkeskommunane	7
5.1	<i>Oppfølging av nordområdestrategien til regjeringa</i>	7
5.2	<i>Transnasjonale og interregionale Interreg-program</i>	8
6	Den regional- og distriktpolitiske rolla til fylkeskommunane	8
6.1	<i>Leiaransvaret til fylkeskommunane</i>	8
6.2	<i>Samarbeid med verkemiddelaktørane</i>	9
6.3	<i>Støtte til næringshagar og inkubatorar</i>	9
6.4	<i>Samarbeid med Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret)</i>	9
6.5	<i>Samarbeid med kommunane</i>	9
7	Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel og retningslinjer	9
7.1	<i>Gjeldande forskrift</i>	9
7.2	<i>Nye forskrifter våren 2018</i>	9
7.3	<i>Delegering av forvaltninga til andre</i>	10
8	Rapportering, evalueringar og kontroll	10
8.1	<i>Registrering av rammer og tilsegner</i>	10
8.2	<i>Bruk av stikkordet «kan nyttast under»</i>	10
8.3	<i>Evalueringar og rapportering av resultat og effektar</i>	11
8.4	<i>Kontroll</i>	11
9	Fristar i 2018 og 2019	11
10	Styringsdialog om verkemiddelbruken	12
11	Avslutning	12
12	Vedlegg	Feil! Bokmerke er ikke definert. 2

2 Regional- og distriktpolitiske mål

Ei prinsippmelding for by- og distriktpolitikk – Meld. St. 18 (2016–2017) *Berekraftige byar og sterke distrikt* – blei lagd fram i 2017. Meldinga viste mellom anna korleis hovudutfordringa framover er å lykkast med nødvendige omstillingar og samtidig ta vare på dei små regionale skilnadene vi har i Noreg. Meldinga inneheldt derfor nye overordna mål: Målet for regional- og distriktpolitikken til regjeringa er regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har ei balansert samansetjing av befolkninga og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida. Dette vil leggje til rette for å halde på hovudtrekka i busetjingsmønsteret.

Meldinga gav grunnlag for ein tydeligare skilnad mellom regionalpolitikken og distriktpolitikken. Regionalpolitikken skal leggje til rette for vekst og utvikling i heile Noreg ved at ulike delar av landet kan få mest mogleg ut av potensialet sitt. Politikken skal ta utgangspunkt i regionale moglegheiter, basert på lokal kjennskap og lokalt initiativ. Distriktpolitikken skal i tillegg jamne ut skilnader mellom område (også internt i regionane) ved å kompensere for ulemper ved geografisk plassering, slik som reiseavstand og små marknader. For distriktpolitikken står målet om likeverdige levekår også sentralt.

3 Ramme til distrikts og regionalpolitiske formål

Den samla løyvinga til fylkeskommune er på 947 millionar kroner for 2018. Vedlegg 1 syner fordelinga av løyvinga for kvar enkelt fylkeskommune. Løyvinga til Telemark fylkeskommune er fordelt i tabellen under.

Tabell 1 Mål, kap./post og løyving (i mill.kr) for 2018 til Telemark fylkeskommune

Hovudmål	Delmål	Kap./post	Nemning	Løyving
1 Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta	1.1 Eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstandar	550.62	Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta	22,19
	1.2 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar	550.64	Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn	11,90
2 Omstillingsdyktige regionar	2.1 Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse	553.60	Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse	7,00
	2.2 Økonomisk vekst og samarbeid i byregionar og over landegrensene	553.63	Grenseregionale Interreg-program	0,95
	2.3 Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga	553.65	Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden	7,00
Sum				49,04

Fylkeskommunane har høve til å omdisponere mellom post 62 og post 64 på kap. 550, og mellom, post 60, post 63 og 65 på kap. 553. Det er ikkje høve til å omdisponere mellom kapitla.

Departementet tildeler midlane til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. romartalsvedtak X i Prop. 1 S (2017-2018). Det vil seie at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av løyvingsår.

Midlane til fylkeskommunane blir overførte tre gonger i året – 1. februar, 1. juni og 1. oktober. Midlane blir overførte til dei same kontoane som i 2017 dersom ikkje fylkeskommunane gjev beskjed om noko anna ein månad før utbetaling.

4 Mål for fylkeskommunane sin innsats

4.1 Hovudmål 1: Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta

Delmål 1.1: kap. 550, post 62 Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta

Den samla løyvinga på posten er 487,7 millionar kroner. 51,2 millionar kroner av dette er administrasjons- og gjennomføringskostnader som blir overført direkte til Innovasjon Noreg. Posten omfattar investeringstilskot, bedriftsutviklingstilskot, distriktsretta risikolån og garantiar og distriktsretta etablerartilskot. Innovasjon Noreg forvaltar midlane på oppdrag frå fylkeskommunane. Distriktsindeksen¹ vert brukt til fordeling av midlane mellom fylkeskommunane innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte². Kommunane i Nord-Noreg, kommunane i Tiltakszona for Finnmark og Nord-Troms, samt dei kommunane som ligg lavt på distriktsindeksen, vektast ekstra i fordelinga.

Målet for alle ordningane er å bidra til eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstander. Målgruppa er små og mellomstore bedrifter og entreprenørar innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte.

Dei viktigaste kriteria for måloppnåing for alle ordningane er verdiskaping³, sysselsetjing, nyskaping og omstilling. Det blir lagt vekt på at innsatsen skal gje positive ringverknader for lokalsamfunnet og næringsmiljøet. I tillegg til disse kriteria vurderer departementet at innsatsen har utløyssande effekt, risikoprofil, antall og type prosjekt, størrelse på prosjekta, geografisk nedslag og andel utløst privat kapital. Samstundes skal minst 40 prosent av dei direkte bedriftsretta verkemidla nå fram til bedrifter med kvinneleg leiar eller eigar.

¹ Distriktsindeksen er sammensatt av et sett indikatorer som gjenspeiler forutsetninger for utvikling og den faktiske utviklingen i kommunene. Indeksen er særlig knyttet til geografi, demografi, arbeidsmarked og levekår. De strukturelle forholdene er vektet høyere enn den faktiske utviklingen.

² Verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte er fastsett av departementet og godkjent av ESA i samsvar med EU-retningslinjene for regionalstøtte.

³ Verdiskaping (bruttoprodukt) skildrar verdiauken eller tilleggsverdien som ei bedrift gjev eit produkt eller ei teneste. For å måle verdiskaping har Innovasjon Norge nytta resultatet i selskapet før renter, skattar og avskrivingar, korrigert for opp-/nedskrivingar (EBITDA) pluss lønn.

Bidraget frå Innovasjon Noreg skal avlaste risiko og bidra til at det blir gjennomført bedriftsprosjekt. Alle midlane skal fordelast i verkeområdet for investeringsstøtte.

Fylkeskommunane skal sende oppdragsbrev til IN **seinast 1. mars** med kopi til departementet. Departementet tilrår at fylkeskommunane nyttar den vedlagde malen for oppdragsbrev (sjå vedlegg 8) og i den årlege rapporten frå IN til fylkeskommunane.

Delmål 1.2: kap. 550, post 64 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn

Den samla løyvinga på posten er 154,4 millionar kroner. Midlane blir fordelte til fylkeskommunane. Distriktsindeksen blir nytta til fordeling av midlane mellom fylkeskommunane og tek utgangspunkt i dei 220 svakaste kommunane på indeksen. Fordelinga blir gjort med ei vekting der fylkeskommunane får eit større beløp per innbyggjar i dei kommunane som har størst distriktsutfordringar. Midlane blir forvalta av fylkeskommunane, som sjølve avgjer korleis dei organiserer arbeidet. Dei kan til dømes velje å delegere forvaltninga til andre aktørar, som kommunar og regionråd. Fylkeskommunane kan utarbeide egne tilskotsordningar, finansierte prosjekt/program i eigen regi og medfinansiere nasjonale program. Fylkeskommunen kan unntaksvis tildele enkelttilskot ved særskilt å namngje mottakaren i vedtak fatta av fylkestinget.

Målet for ordninga er inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar. Innsatsen skal særleg bidra til 1) inkludering av tilflyttarar i kommunane, 2) at næringsmiljøa skal bli mindre sårbare og 3) å styrkje kommunane si evne til å planleggje, mobilisere, samarbeide om og gjennomføre utviklingstiltak. Ein del av midlane kan setjast av til kommunale og regionale næringsfond.

Kriteria for måloppnåing er auka sysselsetjing, at lokalsamfunn beheld tilflyttrar, fleire kvalifiserte søkjarar til ledige stillingar og auka samarbeid mellom lokale aktørar og sektorar, medrekna eventuell privat kapital, frivillig innsats og andre offentlege midlar.

Løyvinga skal nyttast til prosjekt i område med særlege distriktsutfordringar. Fylkeskommunane skal sjølve vurdere, ut frå lokale forhold, kva for område som har særlege distriktsutfordringar. Geografiske kjenneteikn, befolkningssamansetjing, arbeidsmarknadsutvikling og levekår skal vere grunnlag for vurderinga. I vurderinga av prosjekta skal ein leggje vekt på desse eigenskapane ved tiltaka:

- klare mål, forventa resultat og potencialet i prosjekta
- god lokal forankring, altså at prosjekta er ein del av oppfølginga av strategiar og planar
- tverrsektorielt samarbeid, der ein samlar ressursar for å få størst mogleg samfunnseffekt
- kunnskapsbygging og informasjonsdeling lokalt, regionalt og nasjonalt

Prosjekta skal vurderast og følgjast opp regionalt. Rapportering og dokumentasjon av resultatata må vere tilpassa innretninga og storleiken på prosjekta. I mindre prosjekt vil rapporteringa vere knytt til aktivitetar.

I prosjekt med meir enn 500 000 kroner i tilskot vil departementet be fylkeskommunane om å rapportere om kortsiktige resultat ut frå den rapporteringskategorien som er vald, jf. vedlegg 3, og vurdere vidare bidrag til måloppnåing i tråd med kriteria for måloppnåing.

4.2 Hovudmål 2: Omstillingsdyktige regionar

Delmål 2.1: Kap. 553, post 60 Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse

Den samla løyvinga på 142 millionar kroner skal vere med på å skape omstillingsdyktige regionar gjennom å leggje til rette for velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse. Midlane blir forvalta av fylkeskommunane, som sjølve avgjer korleis dei organiserer arbeidet. Dei kan delegere forvaltninga til andre aktørar, som Innovasjon Noreg, Siva og Forskingsrådet.

Målet er å mobilisere til samarbeid mellom bedrifter i næringsmiljø og betre samband mellom bedrifter og relevante utdanningsmiljø for å møte behovet for kunnskap og relevant arbeidskraft i næringslivet. Midlane blir fordelte likt mellom fylkeskommunane med 7 millionar kroner til kvart fylke. I perioden 2018–2020 blir kvar fylkeskommune i Nord-Noreg tildelt 3 millionar kroner ekstra i tråd med nordområdestrategien til regjeringa (sjå pkt. 5.1).

Kriteria for måloppnåing er styrkt innovasjonsevne og betre tilgang til relevant kompetanse i bedriftene. Fylkeskommunane skal rapportere om 1) mobiliseringstiltak for kompetanseheving og for anna samarbeid i næringsmiljø, 2) kor mange næringsmiljø som har etablert nytt eller styrkt samarbeid og 3) kor mange utviklingsprosjekt for auka kompetansetilbod det er etablert. Departementet legg opp til at resultatata og effekten blir målt gjennom periodiske vurderingar.

Innsatsen skal vere forankra i dei regionale partnerskapa og dei heilskaplege regionale nærings- og kompetansepoltiske strategiane til fylkeskommunane. Dei skal leggje til rette for næringsmiljø og kompetanseheving, slik at resultatet blir meir samarbeid i verdikjeder, mellom bedrifter og mellom bedrifter og utdannings- og kompetansetilbud. Innsatsen skal ikkje rettast mot enkeltbedrifter, men nå fleire bedrifter samtidig.

Delmål 2.2: Kap. 553, post 63 Grenseregionale Interreg-program

Den samla løyvinga på posten er 51,3 millionar kroner. Midlane dekkjer den statlege finansieringsdelen for norsk deltaking i programma Øresund–Kattegat–Skagerrak (ØKS), Sverige–Noreg, Botnia–Atlantica, Nord og Kolarctic. I tillegg deltek Noreg i European Neighbourhood Instrument (ENI) Kolarctic (Russland–Sverige–Finland–Noreg). Midlane blir forvalta av dei deltakande fylkeskommunane og overførte til dei fylkeskommunane som er

sekretariat for kvart enkelt Interreg-program. Dette vil seie at den utbetalte ramma vil avvike frå den tildelta ramma, som går fram av vedlegg 1. Ei oversikt over fylkeskommunane og sekretariata er å finne i vedlegg 2.

Målet med Interreg er smart, berekraftig og inkluderande vekst og sosial integrasjon gjennom samarbeid over landegrensene. Programdokumenta regulerer satsingsområde, tildelingskriterium, kriterium for måloppnåing, aktivitetar og resultatoppnåing, evaluering og krav til innhald i årsrapporten.

Delmål 2.3: Kap. 553, post 65 Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden

Den samla løyvinga på posten er 112 millionar kroner. 97 millionar kroner er sett av til omstilling og blir fordelt til fylkeskommunane. Løyvinga skal styrkje næringsgrunnlaget og bidra til etablering av nye arbeidsplassar i kommunar/regionar som opplever ein vesentleg reduksjon i sysselsetjinga. 15 millioner kroner går derfor til Innovasjon Noreg til gjennomføring av evalueringar, metodeutvikling, prosjektstøtte og liknande, og til administrasjons- og gjennomføringskostnader (sjå vedlegg 1).

Det viktigaste av tre kriterier for måloppnåing er kor mange arbeidsplassar som er etablerte eller sikra som følgje av omstillingsarbeidet. Det andre kriteriet er i kor stor grad omstillingsarbeidet har bidrege til å styrkje næringsgrunnlaget, slik at kommunen/regionen står fram som meir robust og har ein meir variert næringsstruktur. Det tredje kriteriet er om midlane har vore med på å styrkje utviklingsevna i området i omstillingsperioden. Omstillingsprogramma blir evaluerte etter at omstillingsperioden er avslutta.

Tildelinga er basert på innspel frå fylkeskommunane om særlege omstillingsbehov i regionar og lokalsamfunn og ei vurdering av både kortsiktige og langsiktige omstillingsbehov. Det er fylkeskommunen som har ansvaret for omstillingsarbeidet i sitt eige fylke. Fylkeskommunane prioriterer innanfor ramma kva område som skal få midlar til omstillingsarbeid, og kor mykje.

I omstillingsarbeidet er det viktig med eit aktivt samarbeid mellom fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og omstillingskommunane. Innovasjon Noreg er det nasjonale kompetanseorganet for lokalt og regionalt omstillingsarbeid etter oppdrag frå departementet. Innovasjon Noreg kan på oppdrag frå fylkeskommunane hjelpe omstillingsprosjekt i heile landet med råd, økonomisk støtte til prosjekt, rettleiing og kvalitetssikring.

5 Anna relevant innsats for fylkeskommunane

Under dette punktet har departementet lista opp relevant informasjon for fylkeskommunane om program, strategiar og arbeid som er viktig for god måloppnåing i programkategori 13.50.

5.1 Oppfølging av nordområdestrategien til regjeringa

Regjeringa vil følgje opp målsettinga om auka verdiskaping i regjeringa sin Nordområdestrategi med å prioritere satsinga på leverandørutvikling høgare opp i verdikjeda.

Satsinga starta i 2017, og det er lagt opp til at den skal gå ut 2020. Regjeringa har sett av 17 millionar kroner i 2018. Midla er øyremerka innanfor ramma til distrikts- og regionalpolitiske formål. Tiltaka er:

- kap. 553, post 74: 4 millionar kroner til leverandørutvikling før auka verdiskaping, innanfor ramma til Bedriftsnettverk, levert av Innovasjon Noreg
- kap. 553, post 74: 4 millionar kroner til mobilisering av bedrifter til auka bruk av FOU, innanfor ramma til FORREGION, levert av Forskingsrådet
- kap. 553, post 60: 9 millionar kroner til kompetanseutvikling av eigne tilsette i næringslivet gjennom etter- og vidareutdanning

I nysalderinga for 2017 blei det i tillegg løyvd 5 millionar kroner over kap. 553, post 60.

Satsinga skal gjennomførast i tett samarbeid mellom regjeringa, fylkeskommunane i Finnmark, Troms og Nordland, Sametinget, Innovasjon Noreg og Forskingsrådet i tråd med regjeringa sin nordområdestrategi.

5.2 Transnasjonale og interregionale Interreg-program

Departementet finansierer, i tillegg til dei grenseregionale Interreg-programma, norsk deltaking i dei transnasjonale Interreg-programma Østersjøen, Nordsjøen og Nordlig Periferi og Arktis, og dei alleuropeiske programma Interreg Europe, ESPON og INTERACT. Desse programma har same overordna mål som dei grenseregionale programma, men er opne for alle fylke⁴. Departementet har peika ut nasjonale kontaktpunkt i enkelte fylkeskommunar for programma. Desse har ei sentral rolle i å mobilisere deltakarar. Vi oppmodar fylkeskommunane om å samarbeide med dei nasjonale kontaktpunkta⁵ om mobilisering av aktørar i eige fylke.

6 Den regional- og distriktpolitiske rolla til fylkeskommunane

Fylkeskommunane har ei sentral rolle i arbeidet med å fremje verdiskaping og regional utvikling i sitt fylke. Fylkeskommunane skal prioritere bruken av midlane i forpliktande partnerskap med verkemiddelaktørane, næringslivet og andre regionale og lokale aktørar.

6.1 Leiaransvaret til fylkeskommunane

Fylkeskommunane har leiaransvaret for utvikling, samordning og oppfølging av dei regionale måla og for strategiane regionalt. Departementet forventar at fylkeskommunane har eit godt samarbeid med verkemiddelaktørane (Siva, Innovasjon Noreg [IN] og Forskingsrådet) om strategiane for næringsutvikling. Fylkeskommunane skal òg vere ein mobiliserande og koordinerande aktør overfor kommunane, regionale aktørar, næringsliv og anna samfunnsliv i sitt fylke.

⁴ Med unntak av Nordlig Periferi og Arktis.

⁵ Sjå informasjon om kontaktpersonar på www.interreg.no.

6.2 Samarbeid med verkemiddelaktørane

Eit godt og konstruktivt samarbeid vil føre til at ein på ein betre måte kan nå måla for regional- og distriktspolitikken. Samarbeidet skal gje ei klar arbeidsdeling mellom dei ulike aktørane og skape ein god regional infrastruktur for innovasjon. Fylkeskommunane skal ikkje sjølve gje støtte til investerings- og utviklingsprosjekt i enkeltbedrifter eller til etablerarar.

6.3 Støtte til næringshagar og inkubatorar

Fylkeskommunane skal sende kopi til Siva av alle tilskotsbrev som angår næringshagar og inkubatorar. Fylkeskommunane treng ikkje å melde tilskot til næringshagar og inkubatorar til ESA dersom støtta er innanfor programma til Siva, men må elles sjølve vurdere om støtta er omfatta av reglane for offentleg støtte.

6.4 Samarbeid med Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret)

Departementet oppmodar fylkeskommunane om å samarbeide med Distriktssenteret på område som styrker kommunen som samfunnsutviklar. Distriktssenteret gjev støtte til aktørane lokalt og regionalt i arbeidet med lokal samfunnsutvikling og bidreg på faglege nettverksarenaer for kommunar, fylkeskommunar og andre aktørar om lokalt utviklingsarbeid.

6.5 Samarbeid med kommunane

Fylkeskommunane må støtte opp under det kommunale arbeidet med inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar. Kommunane har ansvar for å sikre gode levekår og eit likeverdig tenestetilbud lokalt, og dei skal samtidig vere ein pådrivar for lokal samfunns- og næringsutvikling.

7 Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel og retningslinjer

7.1 Gjeldande forskrift

Fylkeskommunane har ansvar for at forvaltninga og bruken av verkemidla skjer i tråd med *forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel* av 1. januar 2017 og retningslinjer for kap. 550, postane 62 og 64, og kap. 553, postane 60, 63 og 65 (jf. vedlegg 5 og 6). Vi ber om at fylkeskommunane gjer forskrifta og retningslinjene kjende for alle tilskotsforvaltarane.

Alle tilskotsforvaltarar skal gjere ei konkret vurdering av om reglane om offentleg støtte kjem til bruk på tilskotet, før dei gjer vedtak om tildeling. Slik støtte over 500 000 euro skal registrerast i Brønnøysundregistra etter dei reglane som gjeld – sjå punkt 7.3 i retningslinjene.

For å sikre god informasjon til søkjarar må fylkeskommunen vere presis på formålet med midlane. Formålet og hvilke rapporteringskrav som gjeld må kome tydelig frem i utlysninga.

7.2 Nye forskrifter våren 2018

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt nye forskrifter på høring. Bakgrunnen for arbeidet er ny poststruktur, med nye mål og kriterier frå 2017. Endringane skal gjere det lettare for fylkeskommunar, forvaltarar og dei som skal søkje om tilskot å

orientere seg om kva reglar som gjeld, slik at det ikkje lenger er naudsynt med retningslinjer. Dagens forskrift med tilhøyrande retningslinjer vil gjelde fram til dei nye forskriftene trer i kraft våren 2018.

Forskrifta vil gjelde for desse postane:

- kap. 550, post 64 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn
- kap. 553, post 60 Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse
- kap. 553, post 65 Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden

7.3 Delegering av forvaltninga til andre

Fylkeskommunen kan delegere heile eller delar av tilskotsforvaltninga til kommunar, regionråd, dei nasjonale verkemiddelaktørane og unntaksvis til andre rettssubjekt, jf. forskrifta § 4 og punkt 3 om delegering av forvaltninga i retningslinjene. Fylkeskommunane skal utarbeide eit oppdragsbrev eller ein avtale/kontrakt i samsvar med dette.

Alle forvaltarar kan bruke inntil 5 pst. av midlane dei er sluttforvaltarar av, til å dekkje eigne administrasjons- og gjennomføringskostnader. For Interreg kan inntil 6 pst. av midlane nyttast. Det er ein eigen avtale mellom fylkeskommunane og Innovasjon Noreg for forvaltning av fylkeskommunanes midlar på kap.550, post 62 og kap. 553, post 65.

8 Rapportering, evalueringar og kontroll

8.1 Registrering av rammer og tilsegner

Med unntak for IN skal alle tilskotsordningar kunngjerast på regionalforvaltning.no. Alle søkjarar må nytte fagsystemet for å sende inn søknader. Fylkeskommunane skal veilede andre forvaltarar i bruk av regionalforvaltning.no og sørge for at all informasjon om tilsegner er lagt inn på rett måte. Registreringane er nødvendige for at departementet skal rapportere inn rett bruk av tilsegnsmidlane til Stortinget.

For Interreg er det sekretariatsfylka som har ansvar for å registrere den statlege norske finansieringsdelen i regionalforvaltning.no. Dersom fylkeskommunane har nytta midlar utover den statlege finansieringsdelen, må kvar enkelt fylkeskommune rapportere inn desse midlane på regionalforvaltning.no.

Departementet oppmodar alle fylkeskommunane om å ta i bruk modulen for sakshandsaming i regionalforvaltning.no. Det vil gje større utbyte av systemet og ei meir effektiv sakshandsaming.

8.2 Bruk av stikkordet «kan nyttast under»

Seinast 1. februar 2019 skal den endelege ramma for kvar enkelt post vere lagd inn i regionalforvaltning.no. Vi oppmodar fylkeskommunane om å ha oppdaterte rammer gjennom

året i regionalforvaltning.no. Vi ber òg om ein skildrande tekst som grunnjev eventuelle endringar mellom postane.

8.3 Evalueringar og rapportering av resultat og effektar

Departementet legg opp til at fylkeskommunane rapporterer om resultat i regionalforvaltning.no når eit prosjekt blir avslutta. Registreringane i regionalforvaltning.no vil bli nytta av departementet til rapportering om måloppnåing til Stortinget.

Departementet ber om at fylkeskommunane melder inn evalueringar av dei regionale utviklingsmidlane som i 2018 er planlagde, sette i gang eller avslutta.

Langsiktige effektar av tiltaka vil bli målt gjennom vurderingar/evaluering. Departementet vil drøfte aktuelle problemstillingar og tema for vurdering/evaluering i dialog med fylkeskommunane.

8.4 Kontroll

Riksrevisjonen og Kommunal- og moderniseringsdepartementet har høve til å kontrollere at midlane blir forvalta og brukte i tråd med dette oppdragsbrevet, forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel og retningslinjene for kap. 550, postane 62 og 64, og kap. 553, postane 60, 63 og 65.

Fylkeskommunen må informere departementet seinast 1. februar 2019 dersom fylkesrevisjonane har hatt vesentlege merknader/funn som gjeld forvaltninga av midlane.

9 Fristar i 2018 og 2019

1. februar 2018	Frist for innsending av rapportar i regionalforvaltning.no for 2017 og endelege rammer per 31.12.2017.
1. februar 2018	Frist for innsending av evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2017.
1. mars 2018	Frist for Oppland fylkeskommune, årleg rapport om verdiskaping og næringsutvikling i fjellområda
1. mars 2018	Frist for Finnmark og Nord-Trøndelag fylkeskommunar til å sende årleg rapport om omstillingsarbeid i Sør-Varanger og Lierne
1. mars 2018	Frist for å sende oppdragsbrev for 2018 til Innovasjon Noreg med kopi til departementet
20. april 2018	Frist for innspel om omstillingsbehov i 2018
9. mai 2018	Frist for rapportering av transportstøtte for 2017
1. desember 2018	Frist for å sende kopi av tilskotsbrev til Siva til firmapost@siva.no .
1. februar 2019	Frist for innsending av rapportar i regionalforvaltning.no for 2017 og endelege rammer per 31.12.2018.
1. februar 2019	Frist for innsending av evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2018.

10 Styringsdialog om verkemiddelbruken

Kommunal- og moderniseringsdepartementet og fylkeskommunane vil ha styringsdialog om bruk av midlane til distrikts- og regionalpolitiske formål 7. februar 2018 på Gardermoen. Departementet vil under styringsdialogen utdjupe styringssignala i oppdragsbrevet, vise fram måloppnåinga, formidle forventningar og få fram erfaringane og synspunkta til fylkeskommunane. Representantar for fylkeskommunane er trekte inn i utviklinga av dialogen.

11 Avslutning

Vi ber om at fylkeskommunane orienterer deltakarane i partnerskapet om innhaldet i dette brevet, og ønskjer fylkeskommunane og partnerskapa lykke til med arbeidet i 2018.

Oppdragsbrevet med vedlegg blir lagt ut på nettsidene til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Hallgeir Aalbu (e.f.)
Ekspedisjonssjef

Ellinor Kristiansen
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

12 Vedlegg

- Vedlegg 1 Statsbudsjettet 2018: Fordeling av løyving mellom fylkeskommunane
- Vedlegg 2 Statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg og ENI (Kolarctic)
- Vedlegg 3 Krav og veileder til aktivitetsrapportering
- Vedlegg 4 Fordeling av løyving på programkategori 13.50 2018
- Vedlegg 5 Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler
- Vedlegg 6 Retningslinjer for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler
- Vedlegg 7 Mal for oppdragsbrev til Innovasjon Noreg

Kopi

Distriktssenteret
Innovasjon Norge Hovedkontoret
Innovasjon Norge Telemark
Kulturdepartementet
Kunnskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Norges forskningsråd
Nærings- og fiskeridepartementet
Riksrevisjonen
Sametinget
SIVA - Selskapet for industrivekst SF